

Stikkord og kommentarar til reduksjon i SNO-timar i Fitjar kommune:

Etter opplæringslova § 2-8, har elevar med anna morsmål enn norsk og samisk rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skulen. Elevane skal kontinuerleg kartleggast i dugleik i opplæringa.

Dette er ein *individuell juridisk rett* alle elevar med anna morsmål enn norsk og samisk har. I tillegg har desse elevane rett på tilpassa opplæring til liks med andre elevar.

I dag har elevar med anna morsmål enn norsk 18 timar fordelt på alle trinn. Forslaget å redusere med 4 er å gå heilt motsett veg enn det som er ynskjeleg for god opplæring i norsk. Aller helst skulle desse elevane hatt tospråkleg lærar i klassen. Slik situasjonen er i dag må me samla dei i større grupper på tvers av trinn enn det som er ynskjeleg. Me ser at elevane med anna morsmål enn norsk har svært bruk for dei SNO-timane dei har i dag og er uroa over konsekvensane ein reduksjon i timetal vil gi av ei rekkje grunnar:

- Det er vanskelegare for desse elevane med bokstavinnlæringa, då omgrep ein nyttar til konkretisering (t.d. appelsin), byrjar på ein heilt annan bokstav på deira morsmål og det tek lenger tid før bokstavane set seg og dei lærer å lesa.
- Mange slit ved overgang til 4. klasse (the forth year slump) då elevane ikkje lenger berre skal læra å lesa, men no må *lesa for å læra* i alle fag. Fagtekstane dei møter er fulle av førfaglege ord (natur, kai, bark, fabrikk) som norske born naturleg får gjennom si oppseding, men som må forklarast for desse elevane. Dette gjeld også samansette ord og metaforar som norsk språk er fullt av.
- Elevar med anna morsmål treng eksplisitt uttaletrening, å nytta konkretar, lyttetrening og *tid til å tenkja* korleis ein skal formulera det han/ho vil uttrykkja. Då må dei vera trygge på å prøva og feila. SNO-gruppa er naturleg nok ein betre arena enn klasserommet for å få dette til. Innlæring av nytt språk krev at ein må vere språkleg aktiv.
- Språklæring tek tid, og forskning seier ein elev brukar 5-7 år på å læra seg språket slik at dei står på lik fot med norskspråklege elevar. Om ein skjer ned på timar, går det lenger tid før eleven kjem til nivå 3 og kan fylgja ordinær opplæring. Sparar ein eigentleg pengar på ei slik innskjerjing?
- I SNO-timane har ein språklærarar med kunnskap om andrespråkutvikling som kontinuerleg kartlegg kva nivå kvar enkelt av elevane er, hjelper den enkelte med læringsstrategiar han kan bruka i klassen, og jobbar med førforståing av ord og omgrep i tema som skal jobbast med i klassen. Ei innskjerjing av SNO-timar vil leggja meir ansvar og belastning på kontaktlærar og timelærar. Dei må i større grad vera åleine om å ha ansvaret for å gi god tilpassa opplæring og meistringsopplevingar til desse elevane. Dette kan følast uoverkomeleg og gi stor ekstrabelastning for personalet.
- Ved reduksjon av SNO-timar vil den einskilde eleven oppleva å koma til kort i alle fag *lenger enn det han/ho* elles hadde trengt. Få meistringsopplevingar hos eleven kan føra til åtferdsvanskar (noko som går ut over klassemiljøet), depresjonar og fråfall frå vidaregåande skule
- At born ikkje når sitt potensiale er uheldig for det enkelte barnet, men og samfunnsøkonomisk.

Difor er det uforsvarleg å redusere timetalet i SNO!